



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

Prop. 22 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2024 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet 22. november 2024,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

Arbeids- og inkluderingsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar av løyvingane under enkelte kapittel under programområde 09 Arbeid og sosiale formål, programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda, samt enkelte av inntektene for 2024.

Dei reviderte overslaga for folketrygda sine utgifter og inntekter i 2024 bygger i hovudsak på tal frå rekneskap per 30. september 2024.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fremmer forslag om å redusere løyvingane under utgiftskapitla under programområde 09 Arbeid og sosiale formål med 2 590 mill. kroner, å auke løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med 3 990 mill. kroner og å auke løyvingane under programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda med 765 mill. kroner. Samla foreslår Arbeids- og inkluderingsdepartementet at løyvingane under utgiftskapitla blir auka med 2 165 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvingane for inntekter under inntektskapitla med 152 mill. kroner.

Kap. 600 Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga for 2024 er 286,8 mill. kroner.

Som følge av anslått verknad av lønnsopp-gjeret for 2024 blir det foreslått å auke løyvinga med 5,8 mill. kroner. Det blir vist til Finansdepartementet sin proposisjon om ny saldering av statsbudsjettet for 2024 for nærmare omtale av dette.

Kap. 601 Utgreiingsverksemd, forskning m.m.

Post 70 Tilskot

Løyvinga for 2024 er 57,5 mill. kroner.

Store deler av løyvinga blir nytta til å følge opp på departementet sine internasjonale forplik-tingar, der ein andel av løyvinga skal gå til å dekke kontingent for norsk deltaking i European Labour Authority (ELA) i EU. Avtalen om norsk deltaking er forsinka, og løyvinga kan som følge av dette bli redusert.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 6,5 mill. kroner.

Post 71 Tilskot til bransjeprogram under IA-avtalen m.m., kan overføres

Løyving for 2024 er 71,5 mill. kroner.

På bakgrunn av rapport frå bransjeprogramma er det venta eit mindreforbruk knytt til at leverandørindustrien i olje- og gassnæringa ikkje har søkt om midlar for 2024.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 9,1 mill. kroner.

Post 73 Tilskot til trygderettsleg/EØS-rettsleg forskning og kompetanseutvikling

Løyvinga for 2024 er 5,6 mill. kroner.

Posten omfattar tilskot til dei juridiske fakulteta ved Universitet i Oslo (UiO), Universitet i Bergen (UiB) og Universitet i Tromsø (UiT). Formålet med tilskotet er å bidra til satsingane fakulteta gjer på trygderettsleg og EØS-rettsleg forskning og kompetanseutvikling. Basert på rapportering frå eitt av universiteta vil det ikkje vere behov for å utbetale tilskot i 2024.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 1,6 mill. kroner.

Kap. 604 Utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltninga

Løyvinga gjeld IKT-moderniseringa i Arbeids- og velferdsetaten.

I Prop. 1 S (2024–2025) blir kapitlet foreslått auka med 175 mill. kroner som følge av forskyving av aktivitet i Prosjekt 4 frå 2024 til 2025. Det er derfor behov for å justere ned løyvinga på kap. 604 i 2024 med tilsvarende beløp.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres, kan nyttast under post 45

Løyvinga for 2024 er 166,9 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 30 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overføres, kan nyttast under post 21

Løyvinga for 2024 er 262,1 mill. kroner.

Sjå omtale under post 21.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 145 mill. kroner.

Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga for 2024 er 13 898,5 mill. kroner

I statsbudsjettet for 2025 har regjeringa i samanheng med ei rekke endringar i regelverket for alderspensjon som følge av pensjonsavtalen foreslått å auke løyvinga på posten med 49 mill. kroner. Det er i tillegg eit auka behov i 2024 med 15 mill. kroner.

I samanheng med prosjektet for framtidens innkrevjing i Skatteetaten er det behov for å rammeoverføre 4,4 mill. kroner frå posten til Skatteetaten sitt kap. 1618, post 01. Sjå nærmare omtale under kap. 605, post 45.

Som følge av anslått verknad av lønnsoppgjeret for 2024 blir det foreslått å auke løyvinga med 260,3 mill. kroner. Det blir vist til Finansdepartementet sin proposisjon om ny saldering av statsbudsjettet for 2024 for nærmare omtale av dette.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 270,9 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overføres

Løyvinga for 2024 er 362,3 mill. kroner.

Prosjektet for framtidens innkrevjing i Skatteetaten er eit samarbeid mellom fleire ulike verksemder, og framdrifta hos dei ulike verksemdene må sjåast i samanheng. Løyvinga er foreslått redusert med 19,1 mill. kroner. Løyvinga under Finansdepartementet sitt kap. 1618 Skatteetaten, post 22 Større IT-prosjekt, kan overføres, er foreslått auka tilsvarende.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 19,1 mill. kroner.

Kap. 606 Trygderetten

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga for 2024 er 119,5 mill. kroner.

Som følge av anslått verknad av lønnsoppgjeret for 2024 blir det foreslått å auke løyvinga med 2,4 mill. kroner. Det blir vist til Finansdepartementet sin proposisjon om ny saldering av statsbudsjettet for 2024 for nærmare omtale av dette.

Kap. 612 Tilskot til Statens pensjonskasse

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Post 70 For andre medlemmer av Statens pensjonskasse, overslagsløyving

Løyvinga for 2024 på post 01 er 9 609 mill. kroner. Løyvinga for 2024 på post 70 er 84 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 612 med totalt 1 484 mill. kroner. Post 01 er foreslått redusert med 1 491 mill. kroner og post 70 er foreslått auka med 7 mill. kroner.

Reduksjonen kjem i hovudsak av at overslaget over premieinntekter (arbeidsgivarpremie og medlemsinnskot) er auka. Hovudårsaka til auken i premieinntektene er at ein del av pensjonspremien som kjem av lønnsoppgjæret for 2023 først blir fakturerte og innbetalte i 2024. Overslaget for utbetalte alderspensjonar er redusert mellom anna som følge av at veksten i talet på alderspensjonistar er noko lågare enn tidlegare anslått. Vidare viser oppdaterte overslag mellom anna at utbetalte AFP-pensjonar er reduserte, som følge av at andelen som har teke ut AFP har gått ned.

Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga for 2024 er 587 mill. kroner.

Som følge av anslått verknad av lønnsoppgjæret for 2024 blir det foreslått å auke løyvinga med 12,5 mill. kroner. Det blir vist til Finansdepartementet sin proposisjon om ny saldering av statsbudsjettet for 2024 for nærmare omtale av dette.

Post 21 Forsøk med tilrettelagd vidaregåande opplæring, kan overførast

Løyvinga for 2024 er 50 mill. kroner.

Utgiftene ser ut til å bli lågare enn berekna som følge av utviklinga så langt i år.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 6,1 mill. kroner.

Post 76 Tiltak for arbeidssøkarar, kan overførast

Løyvinga for 2024 er 7 742,8 mill. kroner.

Det er forventa at ein større del av tiltaksaktiviteten vil komme til utbetaling i 2024 og ein mindre del i 2025 enn opphaveleg lagt til grunn. Som følge av dette blir det foreslått å auke løy-

vinga til arbeidsmarknadstiltaka med 100 mill. kroner i 2024. Tilsvarande blir det foreslått å redusere tilsegnsmessig etterlep med utbetaling i 2025 med 100 mill. kroner, jf. forslag romartalsvedtak. Endringane påverkar ikkje tiltaksgjennomføringa i 2024.

Vidare foreslår Arbeids- og inkluderingsdepartementet at inntektsførte trekk av tiltakspengar under kap. 3634, post 85 blir inntektsført under kap. 634 post 76. Inntektene reduserar utgiftene under post 76 med 5 mill. kroner i 2024. Sjå omtale under kap. 3634, post 85.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 95 mill. kroner.

Post 79 Funksjonsassistanse i arbeidslivet, kan overførast

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår at posten får stikkordet «kan overførast», sjå forslag til romertalsvedtak.

Kap. 3634. Arbeidsmarknadstiltak

Post 85 Innfordring av feilutbetaling, arbeidsmarknadstiltak

Løyvinga for 2024 er 5 mill. kroner

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 5 mill. kroner. Bakgrunnen er at inntektsførte trekk av tiltakspengar nå går til reduksjon av utgiftene under kap. 634, post 76.

Kap. 635 Ventelønn

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga for 2024 er 0,4 mill. kroner.

Utgiftene blir berekna til 0,7 mill. kroner i 2024.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 0,3 mill. kroner.

Kap. 3635 Ventelønn m.m.

Post 01 Refusjon statleg verksemd m.m.

Løyvinga for 2024 er 0,4 mill. kroner.

Inntektene blir berekna til 0,7 mill. kroner i 2024.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 0,3 mill. kroner.

Kap. 640 Arbeidstilsynet*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2024 er 859,9 mill. kroner.

Det ligg føre meirinntektsfullmakt under både kap. 3640, post 06 og 07 mot kap. 640, post 01, jf. romartalsvedtak II i Prop. 1 S (2023–2024).

Kap. 3640, post 06 omfattar bl.a. refusjonar for midlertidige utlegg og innbetaling av kursavgift der Arbeidstilsynet tar deltakaravgift. Det er venta ein meirinntekt på 0,6 mill. kroner under kap. 3640, post 06.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga under kap. 3640, post 06 med 0,6 mill. kroner mot ein parallelljustering under kap. 640, post 01.

Kap. 3640, post 07 omfattar gebyrinntekter for tenester Arbeidstilsynet utfører for verksemdene ved byggesaksbehandling etter arbeidsmiljølova § 18-9. Det er venta ei mindreinntekt på 3,7 mill. kroner under kap. 3640, post 07, som følge av at gebyrinntektene knytt til byggesaksbehandling vil bli lågare enn det som blei estimert. Dette er som følge av at byggeaktiviteten har vore lågare enn forventa.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 3640, post 07 med 3,7 mill. kroner mot ein parallelljustering under 640, post 01.

Som følge av anslått verknad av lønnsopp-gjeret for 2024 blir det foreslått å auke løyvinga med 16 mill. kroner. Det blir vist til Finansdepartementet sin proposisjon om ny saldering av statsbudsjettet for 2024 for nærmare omtale av dette.

Samla foreslår Arbeids- og inkluderingsdepartementet å auke løyvinga under kap. 640, post 01 med 12,9 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, regionale verneombod

Løyvinga for 2024 er 18,4 mill. kroner.

Det ligg føre meirinntektsfullmakt under kap. 3640, post 08 mot kap. 640, post 21, jf. romartalsvedtak II i Prop. 1 S (2023–2024).

Kap. 3640, post 08 omhandlar inntekter knytt til refusjon for utgifter til drift av regionale verneombod som blir administrerte av Arbeidstilsynet. Det er venta ei mindreinntekt under kap. 3640, post 08 på 1,1 mill. kroner. Hovudårsaka er at lønnsopp-gjeret for 2024 truleg ikkje blir utbetalt før 2025.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 3640, post 08

med 1,1 mill. kroner mot ein parallelljustering under kap. 640, post 21.

Kap. 3640 Arbeidstilsynet*Post 06 Refusjonar*

Løyvinga for 2024 er 3,8 mill. kroner.

Det blir vist til omtale under kap. 640, post 01.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga under kap. 3640, post 06 med 0,6 mill. kroner.

Post 07 Byggesaksbehandling, gebyr

Løyvinga for 2024 er 24,7 mill. kroner.

Det blir vist til omtale under kap. 640, post 01.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 3640, post 07 med 3,7 mill. kroner.

Post 08 Refusjon utgifter regionale verneombod

Løyvinga for 2024 er 18,7 mill. kroner.

Det blir vist til omtale under kap. 640, post 21.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga under kap. 3640, post 08 med 1,1 mill. kroner.

Post 85 Tvangsmulkt

Løyvinga for 2024 er 7,2 mill. kroner.

Posten omfattar inntekter frå innkravd tvangsmulkt som verksemdar har fått som følge av manglande oppfølging av pålegg frå Arbeidstilsynet. Det er ei utfordring å estimere beløp for løyvinga på posten, og for 2024 er det venta ei inntekt på 16 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 8,8 mill. kroner.

Post 86 Gebyr for brot på arbeidsmiljøregelverket

Løyvinga for 2024 er 29,5 mill. kroner.

Inntektene på posten vil avhenge av i kor stor grad Arbeidstilsynet må bruke verkemiddelet gebyr for brot på arbeidsmiljøregelverket. Det er utfordrande å gjere overslag for venta inntekter på posten, og for 2024 er venta inntekt om lag 65 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 35,5 mill. kroner.

Kap. 648 Arbeidsretten, Riksmekklaren m.m.,*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2024 er 28,7 mill. kroner.

Posten omfattar utgifter til lønn og drift for Arbeidsretten og Riksmekklaren. Det har i samanheng med Arbeidsretten og Riksmekklaren sin flytting til nytt lokale hausten 2023 oppstått auka utgifter i form av nye eingongskostnader. Det er som følge av dette behov for å auke løyvinga med 6,7 mill. kroner. Deler av beløpet blir foreslått dekt inn gjennom å redusere løyvinga under kap. 648, post 21.

Som følge av anslått verknad av lønnsopp-gjeret for 2024 blir det foreslått å auke løyvinga med 0,4 mill. kroner. Det blir vist til Finansdepartementet sin proposisjon om ny saldering av statsbudsjettet for 2024 for nærmare omtale av dette.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fore-slår å auke løyvinga med 7,1 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 01

Løyvinga for 2024 er 0,6 mill. kroner.

Det blir vist til omtale under kap. 648, post 01.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fore-slår å redusere løyvinga med 0,6 mill. kroner.

Kap. 660 Krigspensjon*Post 71 Tilskot, sivile, overslagsløyving*

Løyvinga for 2024 er 75 mill. kroner.

Overslaget på posten er redusert med 1 mill. kroner som følge av nedjusterte overslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fore-slår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

Kap. 666 Avtalefesta pensjon (AFP)*Post 70 Tilskot, overslagsløyving*

Løyvinga for 2024 er 4 020 mill. kroner.

Overslaget på posten er auka med 10 mill. kroner som følge av høgare overslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg yting.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fore-slår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Kap. 667 Supplerande stønad*Post 70 Tilskot til personar over 67 år med kort butid, overslagsløyving*

Løyvinga for 2024 er 385 mill. kroner.

Overslaget på posten er auka med 5 mill. kroner som følge av høgare overslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg yting.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fore-slår å auke løyvinga med 5 mill. kroner.

Post 71 Tilskot til uføre flyktningar med kort butid, overslagsløyving

Løyvinga for 2024 er 188 mill. kroner.

Overslaget på posten er auka med 8 mill. kroner som følge av høgare overslag for gjennomsnittleg tal på mottakarar og gjennomsnittleg yting.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fore-slår å auke løyvinga med 8 mill. kroner.

Kap 670 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga for 2024 er 377,1 mill. kroner.

Som følge av anslått verknad av lønnsopp-gjeret for 2024 blir det foreslått å auke løyvinga med 6,5 mill. kroner. Det blir vist til Finansdepartementet sin proposisjon om ny saldering av statsbudsjettet for 2024 for nærmare omtale av dette.

Kap. 671 Busetting av flyktningar og tiltak for innvandrarar*Post 60 Integreringstilskot, kan overførast*

Løyvinga for 2024 er 23 126,5 mill. kroner.

Det har vore ein reduksjon i prognosen for talet på fordrivne frå Ukraina som kjem til Noreg i 2024 og dermed ein reduksjon i talet som skal busettast og utløyser tilskot i 2024. Vidare er det ein reduksjon i utbetaling av ekstratilskot ved busetting av personar med funksjonsnedsettingar.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet fore-slår å redusere løyvinga med 1 130,5 mill. kroner.

Post 61 Særskilt tilskot ved busetting av einslege mindreårige flyktningar, overslagsløyving

Løyvinga for 2024 er 1 815 mill. kroner.

Det er ein auke i talet på personar som er busett før 2024 som utløyser tilskot. Dette bidrar til å auke løyvingsbehovet på posten. Samtidig er det ein reduksjon i prognosen for talet på einslege mindreårige som skal busettast i 2024, grunna kapasitetsutfordringar i fleire kommunar til å busette einslege mindreårige utan følgeperson. Dette bidrar til at løyvingsbehovet på posten totalt sett blir redusert.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 12,5 mill. kroner.

Post 62 Kommunale integreringstiltak

Løyvinga for 2024 er 280,4 mill. kroner.

Det har vore eit mindreforbruk på tilskotsordninga *kvalifiseringstiltak i integreringsmottak* som kjem av færre personar i målgruppa for tilskotet enn det som er lagt til grunn i gjeldande budsjett.

AID foreslår å redusere løyvinga med 1,7 mill. kroner.

Kap. 672 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak

Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak

Løyvinga for 2024 er 2 283,4 mill. kroner.

Prognosen for talet på personar som får innvilga midlertidig kollektivt vern og kjem inn i målgruppa for eittårig norskopplæring i 2024 er redusert. Vidare er talet på personar som kom inn i same målgruppe i fjor og som utløyser tilskot i år også redusert. Dette bidrar til å redusere løyvingsbehovet på posten. Samtidig er det ein auke i prognosen for talet på fordrivne frå Ukraina som har behov for utvida norskopplæring. Samla sett blir løyvingsbehovet på posten redusert.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 177,6 mill. kroner.

Post 61 Kompetansekartlegging i mottak før busetting

Løyvinga for 2024 er 1 160 mill. kroner.

Det har vore ein reduksjon i prognosen for talet på personar i målgruppa for tilskot til kompetansekartlegging.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 0,1 mill. kroner.

Kap. 3672 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak

Post 01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter

Løyvinga for 2024 er 65,1 mill. kroner.

Det har vore ein reduksjon talet på personar som er i målgruppa for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for asylsøkarar i mottak.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 17,4 mill. kroner.

Kap. 2470 Statens pensjonskasse

Post 24 Driftsresultat

Løyvinga for 2024 er -15 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår følgande endringar som i sum ikkje endrar løyvinga på post 24 Driftsresultat:

Underpost 24.1 Driftsinntekter, overslagsløyving

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår ein auke i driftsinntektene med 15 mill. kroner til 745 mill. kroner mot ein auke av underpostane 24.2 Driftsutgifter med 14 mill. kroner og 24.4 Renter av statens kapital med 1 mill. kroner. Auken i driftsinntekter skriv seg frå høgare volum knytt til administrasjon av bustadlansordninga i SPK og kursverksemda i SPK.

Underpost 24.2 Driftsutgifter, overslagsløyving

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår ein auke i driftsutgiftene med 14 mill. kroner til 608 mill. kroner, jf. omtale ovanfor.

Underpost 24.4 Renter av statens kapital

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår ein auke i løyvinga på underposten med 1 mill. kroner, jf. omtale ovanfor.

Kap. 2541 Dagpengar

Post 70 Dagpengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2024 er 12 210,4 mill. kroner.

På bakgrunn av utviklinga så langt i år ser utgiftene ut til å bli høgare enn berekna. Hovudårsaka er at gjennomsnittleg yting per dagpenge-mottakar har auka.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 680 mill. kroner.

Kap. 5705 Refusjon av dagpensar*Post 72 Innkrevjing av forskotterte dagpensar*

Løyvinga for 2024 er 140 mill. kroner.

På bakgrunn av utviklinga så langt i år blir inntektene berekna til 155 mill. kroner i 2023.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 15 mill. kroner.

Kap. 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m.*Post 70 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs m.m., overslagsløyving*

Løyvinga for 2024 er 900 mill. kroner.

I 2024 har det vore ein auke i antal saker til behandling samanlikna med 2023. Det har også vore ein auke i gjennomsnittleg størrelse på konkursane, slik at fleire tilsette har krav på tilskot. Det bidrar til høgare utbetaling per sak. Det er stor uvisse om utviklinga framover.

Utgiftene i 2024 blir berekna til 985 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 85 mill. kroner.

Kap. 5704 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs*Post 70 Dividende*

Løyvinga for 2024 er på 215 mill. kroner.

Posten gjeld refusjonar av utgifter gjennom lønnsgarantiordninga. Det varierer sterkt kor lang tid det tar før innbetalingane kjem og i tillegg kor mykje det er å hente i konkursbua. I 2024 har det vore ekstra høge innbetalningar, noko som kan relatere seg til eldre konkursaker. Auken kan også vere ein indikasjon på at konkurssakene blir større og at det er meir å hente i buet.

Inntektene for 2024 ligg an til å bli 290 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 75 mill. kroner.

Kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far*Post 72 Stønad til barnetilsyn til einsleg mor eller far i arbeid, overslagsløyving*

Løyvinga for 2024 er 83 mill. kroner.

Utgiftene blir berekna til 80 mill. kroner i 2024.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 3 mill. kroner.

Kap. 2650 Sjukepensar*Post 70 Sjukepensar for arbeidstakarar m.m., overslagsløyving*

Løyvinga for 2024 er 57 390 mill. kroner.

Utviklinga til og med september 2024 tilseier ein auke i det trygdefinansierte sjukefråværet frå 2023 til 2024 på 4,5 pst. Dette er høgare enn berekna i Prop. 104 S (2023–2024), der det blei lagt til grunn ein nedgang på 1 pst.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 3 180 mill. kroner.

Post 71 Sjukepensar for sjølvstendige, overslagsløyving

Løyvinga for 2024 er 1 800 mill. kroner.

Utviklinga til og med september 2024 tilseier ein auke i det trygdefinansierte sjukefråværet frå 2023 til 2024 på 4,5 pst. Dette er høgare enn berekna i Prop. 104 S (2023–2024), der det blei lagt til grunn ein nedgang på 1 pst. Vidare har sjukepengegrunnlaget (lønnsvækst) auka frå 5,2 til 6,0 pst.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 110 mill. kroner.

Post 72 Pleie-, opplærings- og omsorgspensar m.m., overslagsløyving

Løyvinga for 2024 er 2 910 mill. kroner.

Det er venta høgare volumvekst i 2024 enn det som blei lagt til grunn i Prop. 104 S (2023–2024). Det er i hovudsak som følge av at fleire nyttar seg av ordninga med pleiepensar, men det er også fleire som tek imot pleiepensar over lengre periodar. Overslaget for volumveksten er justert opp frå 8 til 18 pst.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 270 mill. kroner.

Post 75 Feriepensar av sjukepensar, overslagsløyving

Løyvinga for 2024 er 3 390 mill. kroner.

Tilgjengeleg informasjon tilseier at utgiftene i 2024 blir lågare enn tidlegare venta.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 180 mill. kroner.

Kap. 2651 Arbeidsavklaringspensar*Post 70 Arbeidsavklaringspensar, overslagsløyving*

Løyvinga for 2024 er 45 750 mill. kroner.

Utbetalings per mottakar er venta å bli noko høgare enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga. Vidare er gjennomsnittleg tal på mottakarar av arbeidsavklaringspengar i 2024 berekna til å bli høgare enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga. Grunnen til dette er at avgangen frå arbeidsavklaringspengar til anna enn uføretrygd er redusert og at det har vore ein auke i tilgangen til ordninga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 740 mill. kroner.

Post 71 Tilleggsstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2024 er 132 mill. kroner.

Tilgjengeleg informasjon tilseier at utgiftene i 2024 blir noko lågare enn tidlegare venta.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Kap. 2655 Uførleik

Post 70 Uføretrygd, overslagsløyving

Løyvinga for 2024 er 124 800 mill. kroner.

Gjennomsnittleg tal for mottakarar av uføretrygd i 2024 er berekna å bli høgare enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga. Det er i hovudsak auka overgang frå arbeidsavklaringspengar til uføretrygd og lågare avgang frå uføretrygd som bidrar til auken. Lågare gjennomsnittleg utbetaling per mottakar reduserer på den anna side utgiftsanslaget noko. Samla sett inneber dette auka utgifter til uføretrygd i 2024 enn det ein rekna med tidlegare i år.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 140 mill. kroner.

Post 75 Meinerstatning ved yrkesskade, overslagsløyving

Løyvinga for 2024 er 78 mill. kroner.

På grunn av utviklinga så langt i år ser utgiftene ut til å bli 5 mill. kroner lågare enn tidlegare berekna.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

Kap. 2661 Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m.

Post 70 Grunnstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2024 er 1 790 mill. kroner.

Det er venta høgare utgifter i 2024 enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga, i hovudsak som følge av ein auke i gjennomsnittleg yting.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 71 Hjelpestønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2024 er 2 210 mill. kroner.

Det er venta høgare utgifter i 2024 enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga. Dette er som følge av ein auke i antal mottakarar og høgare gjennomsnittleg yting.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 80 mill. kroner.

Post 73 Hjelpemiddel m.m. under arbeid og utdanning

Løyvinga for 2024 er 135 mill. kroner.

Det er venta noko lågare volumvekst i 2024 enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 14 mill. kroner.

Post 74 Tilskot til bilar

Løyvinga for 2024 er 810 mill. kroner.

Det er venta høgare utgifter til stønad til bil enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga, hovudsakeleg som følge av høgare volumvekst.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 65 mill. kroner.

Post 75 Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel

Løyvinga for 2024 er 4 810 mill. kroner.

Det er venta høgare utgifter enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga, hovudsakeleg som følge av høgare volumvekst.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 140 mill. kroner.

Post 77 Ortopediske hjelpemiddel

Løyvinga for 2024 er 2 530 mill. kroner.

Det er venta høgare volumvekst i 2024 enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 70 mill. kroner.

Post 78 Høyreapparat

Løyvinga for 2024 er 1 010 mill. kroner.

Det er venta noko høgare volumvekst i 2024 enn det som tidlegare er lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 20 mill. kroner.

Kap. 2670 Alderdom*Post 70 Grunnpensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2024 er 93 610 mill. kroner.

Overslaget for gjennomsnittleg tal på mottakarar er redusert og overslag for gjennomsnittleg yting er auka. Samla sett er overslaget på posten redusert med 70 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 70 mill. kroner.

Post 71 Tilleggspensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2024 er 189 710 mill. kroner.

Overslaget for gjennomsnittleg tal på mottakarar og overslag for gjennomsnittleg yting er redusert. Samla sett er overslaget på posten redusert med 370 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 370 mill. kroner.

Post 72 Inntektspensjon, overslagsløyving

Løyvinga for 2024 er 24 400 mill. kroner.

Overslaget for gjennomsnittleg tal på mottakarar og overslag for gjennomsnittleg yting er redusert. Samla sett er overslaget på posten redusert med 220 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 220 mill. kroner.

Post 73 Sært tillegg, pensjonstillegg m.m., overslagsløyving

Løyvinga for 2024 er 9 200 mill. kroner.

Posten dekkjer fleire tillegg til alderspensjon: sært tillegg, pensjonstillegg, minstenivåtillegg, garantipensjon, skjermingstillegg og forsørgingstillegg.

Samla sett er overslaget på posten redusert med 60 mill. kroner. Reduksjonen er hovudsakleg som følge av redusert overslag for garantipensjon,

der overslaget for gjennomsnittleg tal på mottakarar og overslag for gjennomsnittleg yting er redusert. Det er også gjort justeringar av andre tillegg.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 60 mill. kroner.

Kap. 2680 Etterlatne*Post 71 Barnepensjon, overslagsløyving*

Løyvinga for 2024 er 1 630 mill. kroner.

Overslaget for gjennomsnittleg tal på mottakarar er redusert og overslag for gjennomsnittleg yting er auka. Samla sett er overslaget på posten auka med 10 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 74 Tilleggsstønader og stønad til skolepengar, overslagsløyving

Løyvinga på posten er 0,2 mill. kroner.

Utgiftene på posten ser ut til å bli 0,1 mill. kroner lågare enn tidlegare berekna.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 0,1 mill. kroner.

Post 75 Stønad til barnetilsyn til attlevande i arbeid, overslagsløyving

Løyvinga på posten er 2,4 mill. kroner.

Utgiftene på posten ser ut til å bli 0,8 mill. kroner lågare enn tidlegare berekna.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å redusere løyvinga med 0,8 mill. kroner.

Kap. 2686 Stønad ved gravferd*Post 70 Stønad ved gravferd, overslagsløyving*

Løyvinga for 2024 er 305 mill. kroner.

Overslaget på posten er auka med 80 mill. kroner som følge av at det er forventet betydeleg fleire mottakarar av både behovsprøvd gravferdsstønad og båretransport enn lagt til grunn i vedtatt budsjett. Dette har i stor grad samanheng med at det er sett i gang eit arbeid med å få ned restansar på området, som inneber at NAV vil behandla fleire saker enn normalt i 2024.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 80 mill. kroner.

Kap. 5701 Diverse inntekter*Post 71 Refusjon ved yrkesskade*

Løyvinga for 2024 er 846 mill. kroner.

Overslag for innbetalingar av refusjon i 2024 av oppgjer frå forsikringsnæringa til og med skadeårgang 2023 er på 865,9 mill. kroner, noko som betyr auka inntekt på posten med 19,9 mill. kroner i 2024.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 19,9 mill. kroner.

Post 80 Renter

Løyvinga for 2024 er 1 mill. kroner.

Overslaget er auka til 2 mill. kroner på grunn av inntektene så langt i år. Det er vanskeleg å tal-feste inntektene på posten, ettersom innbetalte beløp kan variere frå sak til sak.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 1 mill. kroner.

Post 86 Innkrevjing feilutbetalingar

Løyvinga for 2024 er 1 507 mill. kroner.

Ulike inntekstypar trekker i ulik retning i ein oppdatert prognose for 2024. Helfo sitt arbeid

med innkrevjing av feilutbetalingar er venta å gi auka inntekter i 2024. I det ordinære innkrevjings-arbeidet er det på den anna sida overført færre saker til innkrevjing enn normalt dei siste åra, som medfører lågare innbetaling enn venta i 2024. Samla gir dette eit auka overslag med 13 mill. kroner for inntektene i 2024.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 13 mill. kroner.

Post 88 Hjelpemiddelsentralar m.m.

Løyvinga for 2024 er 95 mill. kroner.

Overslaget er auka med 10 mill. kroner som følge av at det er venta høgare inntekter, i hovud-sak frå sal av bilar og innbetaling av dagbøter.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2024 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2024 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2024 under Arbeids- og inkluderingsdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2024 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
600		Arbeids- og inkluderingsdepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 286 755 000 til kr 292 531 000	5 776 000
601		Utgreiingsverksemd, forskning m.m.:	
	70	Tilskot, blir redusert med frå kr 57 515 000 til kr 51 015 000	6 500 000
	71	Tilskot til bransjeprogram under IA-avtalen m.m., <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 71 495 000 til kr 62 368 000	9 127 000
	73	Tilskot til trygderettsleg/EØS-rettsleg forskning og kompetanseutvikling, blir redusert med frå kr 5 625 000 til kr 4 046 000	1 579 000
604		Utviklingstiltak i arbeids- og velferdsforvaltninga:	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 45</i> , blir redusert med frå kr 166 930 000 til kr 136 930 000	30 000 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 21</i> , blir redusert med frå kr 262 149 000 til kr 117 149 000	145 000 000
605		Arbeids- og velferdsetaten:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 13 898 450 000 til kr 14 169 387 000	270 937 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 362 255 000 til kr 343 155 000	19 100 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
606		Trygderetten:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 119 530 000 til kr 121 910 000	2 380 000
612		Tilskot til Statens pensjonskasse:	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 9 609 000 000 til kr 8 118 000 000	1 491 000 000
	70	For andre medlemmer av Statens pensjonskasse, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 84 000 000 til kr 91 000 000	7 000 000
634		Arbeidsmarknadstiltak:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 586 970 000 til kr 599 443 000	12 473 000
	21	Forsøk med tilrettelagd vidaregåande opplæring, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 50 000 000 til kr 43 876 000	6 124 000
	76	Tiltak for arbeidssøkarar, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 7 742 805 000 til kr 7 837 805 000	95 000 000
635		Ventelønn:	
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 400 000 til kr 700 000	300 000
640		Arbeidstilsynet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 859 900 000 til kr 872 841 000	12 941 000
	21	Spesielle driftsutgifter, regionale verneombod, blir redusert med frå kr 18 410 000 til kr 17 330 000	1 080 000
648		Arbeidsretten, Riksmeklaren m.m.:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 28 745 000 til kr 35 800 000	7 055 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 01</i> , blir redusert med frå kr 570 000 til kr 0	570 000
660		Krigspensjon:	
	71	Tilskot, sivile, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 75 000 000 til kr 74 000 000	1 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
666		Avtalefesta pensjon (AFP):	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 4 020 000 000 til kr 4 030 000 000	10 000 000
667		Supplerande stønad:	
	70	Tilskot til personar over 67 år med kort butid, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 385 000 000 til kr 390 000 000	5 000 000
	71	Tilskot til uføre flykningar med kort butid, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 188 000 000 til kr 196 000 000	8 000 000
670		Integrerings- og mangfaldsdirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 377 140 000 til kr 383 646 000	6 506 000
671		Busetting av flykningar og tiltak for innvandrarak:	
	60	Integreringstilskot, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 23 126 464 000 til kr 21 995 974 000	1 130 490 000
	61	Særskilt tilskot ved busetting av einslege, mindreårige flykningar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 1 815 038 000 til kr 1 802 566 000	12 472 000
	62	Kommunale integreringstiltak, blir redusert med frå kr 280 393 000 til kr 278 651 000	1 742 000
672		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak:	
	60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak, blir redusert med frå kr 2 283 437 000 til kr 2 105 801 000	177 636 000
	61	Kompetansekartlegging i mottak før busetting, blir redusert med frå kr 1 160 000 til kr 1 066 000	94 000
2470		Statens pensjonskasse:	
	24	Driftsresultat:	
		1. Driftsinntekter, <i>overslagsløyving</i>	-745 000 000
		2. Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	608 000 000
		3. Avskrivningar	90 000 000
		4. Renter av statens kapital	2 000 000
		5. Til investeringsføremål.....	55 000 000
		6. Til reguleringsfond	-25 000 000
			-15 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
2541		Dagpengar:	
	70	Dagpengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 12 210 400 000 til kr 12 890 400 000	680 000 000
2542		Statsgaranti for lønnskav ved konkurs m.m.:	
	70	Statsgaranti for lønnskav ved konkurs m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 900 000 000 til kr 985 000 000	85 000 000
2620		Stønad til einsleg mor eller far:	
	72	Stønad til barnetilsyn til einsleg mor eller far i arbeid, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 83 000 000 til kr 80 000 000	3 000 000
2650		Sjukepengar:	
	70	Sjukepengar for arbeidstakarar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 57 390 000 000 til kr 60 570 000 000	3 180 000 000
	71	Sjukepengar for sjølvstendige, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 1 800 000 000 til kr 1 910 000 000	110 000 000
	72	Pleie-, opplærings- og omsorgspengar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 2 910 000 000 til kr 3 180 000 000	270 000 000
	75	Feriepengar av sjukepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 3 390 000 000 til kr 3 210 000 000	180 000 000
2651		Arbeidsavklaringspengar:	
	70	Arbeidsavklaringspengar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 45 750 000 000 til kr 46 490 000 000	740 000 000
	71	Tilleggsstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 132 000 000 til kr 130 000 000	2 000 000
2655		Uførleik:	
	70	Uføretrygd, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 124 800 000 000 til kr 124 940 000 000	140 000 000
	75	Meinerstatning ved yrkesskade, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 78 000 000 til kr 73 000 000	5 000 000
2661		Grunn- og hjelpestønad, hjelpemiddel m.m.:	
	70	Grunnstønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 1 790 000 000 til kr 1 800 000 000	10 000 000
	71	Hjelpestønad, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 2 210 000 000 til kr 2 290 000 000	80 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	73	Hjelpemiddel m.m. under arbeid og utdanning, blir redusert med frå kr 135 000 000 til kr 121 000 000	14 000 000
	74	Tilskot til bilar, blir auka med frå kr 810 000 000 til kr 875 000 000	65 000 000
	75	Betring av funksjonsevna, hjelpemiddel, blir auka med frå kr 4 810 000 000 til kr 4 950 000 000	140 000 000
	77	Ortopediske hjelpemiddel, blir auka med frå kr 2 530 000 000 til kr 2 600 000 000	70 000 000
	78	Høyreapparat, blir auka med frå kr 1 010 000 000 til kr 1 030 000 000	20 000 000
2670		Alderdom:	
	70	Grunnpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 93 610 000 000 til kr 93 540 000 000	70 000 000
	71	Tilleggspensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 189 710 000 000 til kr 189 340 000 000	370 000 000
	72	Inntektpensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 24 400 000 000 til kr 24 180 000 000	220 000 000
	73	Særtilllegg, pensjonstillegg m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 9 200 000 000 til kr 9 140 000 000	60 000 000
2680		Etterlatne:	
	71	Barnepensjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 1 630 000 000 til kr 1 640 000 000	10 000 000
	74	Tilleggsstønader og stønad til skolepengar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 200 000 til kr 100 000	100 000
	75	Stønad til barnetilsyn til attlevande i arbeid, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 2 400 000 til kr 1 600 000	800 000
2686		Stønad ved gravferd:	
	70	Stønad ved gravferd, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 305 000 000 til kr 385 000 000	80 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3634		Arbeidsmarknadstiltak:	
	85	Innfordring av feilutbetaling, arbeidsmarknadstiltak, blir redusert med frå kr 5 000 000 til kr 0	5 000 000
3635		Ventelønn m.m.:	
	01	Refusjon statleg verksemd m.m., blir auka med frå kr 400 000 til kr 700 000	300 000
3640		Arbeidstilsynet:	
	06	Refusjonar, blir auka med frå kr 3 759 000 til kr 4 400 000	641 000
	07	Byggesaksbehandling, gebyr, blir redusert med frå kr 24 738 000 til kr 21 000 000	3 738 000
	08	Refusjon utgifter regionale verneombod, blir redusert med frå kr 18 698 000 til kr 17 618 000	1 080 000
	85	Tvangsmulkt, blir auka med frå kr 7 175 000 til kr 16 000 000	8 825 000
	86	Gebyr for brot på arbeidsmiljøregelverket, blir auka med frå kr 29 450 000 til kr 64 950 000	35 500 000
3672		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak:	
	01	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med frå kr 65 075 000 til kr 47 641 000	17 434 000
5701		Diverse inntekter:	
	71	Refusjon ved yrkesskade, blir auka med frå kr 846 000 000 til kr 865 904 000	19 904 000
	80	Renter, blir auka med frå kr 1 000 000 til kr 2 000 000	1 000 000
	86	Innkrevjing feilutbetalingar, blir auka med frå kr 1 507 000 000 til kr 1 520 000 000	13 000 000
	88	Hjelpemiddelsentralar m.m., blir auka med frå kr 95 000 000 til kr 105 000 000	10 000 000
5704		Statsgaranti for lønnskav ved konkurs:	
	70	Dividende, blir auka med frå kr 215 000 000 til kr 290 000 000	75 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
5705		Refusjon av dagpengar:	
	72	Innkrevjing av forskotterte dagpengar, blir auka med frå kr 140 000 000 til kr 155 000 000	15 000 000

II

Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykker i at Arbeids- og inkluderingsdepartementet i 2024 kan gi tilsegn om tilskot ut over gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegner ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Betegnelse	Samlet ramme
634		Arbeidsmarknadstiltak	
	76	Tiltak for arbeidssøkarar, kan overførast	2 950,6 mill. kroner

III

Stikkordsfullmakter

Stortinget samtykker i at stikkordet «kan overførast», blir tilføydd følgande løyvingar i statsbudsjettet for 2024:

1. kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak, post 79 Funksjonsassistanse i arbeidslivet
